



Alversund Utvikling AS
Fagernes 4
5043 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3999 - 18/21274

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

28.06.2018

Midlertidig bruksløyve for bustad 40 - gbnr 134/471 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 343/18

Tiltakshavar: Alversund Utvikling AS

Ansvarleg søkjar: Byggprosjekt AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 21.01.2017.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Tilkobling av vann og avløp på kjøkken i Bolig 40. Utførende rørlegger opplyser at dette vil bli gjort i uke 25.
2. Godkjenning av ferdigmelding rørleggerarbeider.
3. Utarbeide og overlevere FDV dokumentasjon.
4. Utarbeide sluttrapport avfall.

Mellombels bruksløyve gjeld for bustad 40. Frå det vart sendt inn byggesak på eigedommen, er eigedommen frådelt og har gbnr 134/512.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.08.2018

Det vert elles vist til søknad motteken 18.06.2018.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Adresse:	
Bygningstiltak:	Bustad/Rekkehus
Bygningsnummer:	300670861
Bruksareal:	116 m2
Avløp:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad 40 på gbnr 134/512 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Bustad 40
2. Før det vert gjeve ferdigattest må det ligge føre godkjent ferdigmelding for tilkopling til vatn og avløp.
3. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.08.2018

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Før det kan sendast inn ny søknad om bruksløyve for bustad 38 og 38, eller søknad om ferdigattest, må det ligga føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest for P8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3999

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggprosjekt AS

Møllendalsbakken 5009
2A

BERGEN

Mottakarar:

Alversund Utvikling AS

Fagernes 4 5043

BERGEN

Byggprosjekt AS

Møllendalsbakken 5009
2A

BERGEN